

Felles plan over skogen for Norgesheia og eigedomen
Gnr./B.nr utarbeid av Vegplanleggar: Egil Nikolai Devig.



SKOGSELSKAPET

Etabl 1898

Innhold

Felles plan for Norgesheia.....	3
Fleirbruksverdiar.....	3
Plan for hogst.....	4
Plan for skogkultur.....	6
Framdsskogen	6
Val av stadeigne treslag	7
Bygging av veg	8
Kalkyle for hogst og bygging av veg.....	10
Tiltak på din eigedom	11
Plan for hogst.....	11
Kalkyle for hogst og bygging av veg.....	11
Informasjon om skogforvaltning	14
Bygge skogsbilveg	14
Samarbeide over eigedomsgrensene	14
Skogfond og skat	14
Tips når de skal hogge	14
Skogskjøtsel	15
Klimaoppassing.....	15
Lenker	15
Vedlegg	16
Vedlegg nr 1: Oversikt over nøkkelbiotopar	16
Vedlegg nr 2: Framskrivning av volum som er klart for hogst i 2030.	18
Vedlegg nr 3: Fordelingsnøkkel vegbygging	19

Felles plan for Norgesheia

Å drive eit berekraftig skogbruk handlar om å få god økonomi i skogdrifta utan negativ påverknad på naturen. Vi har også eit ansvar for å sikre at komande generasjonar har tilgang på ein god tømmerressurs. For å oppnå eit økonomisk og økologisk uthaldande og berekraftig skogbruk trengs det gode planar. Dette er ein felles plan der vi legg opp til at tiltak som har stor økonomisk betydning vert gjort i samskipnad med naboane. Planen er likevel ikkje meint som eit forsøk på å redusere skogeigarane sin råderett over eigen eigedom; det er skogeigaren sjølv som tek endeleg avgjerd om tiltak på sin eigen eigedom.

Det er planta mykje gran i Norgeaheia og i dag held mykje av denne skogen på å bli hogstmoden. Terrenget er bratt og utan ei god vegløyning tilpassa moderne skogdrift. Samstundes er det fleire viktige nøkkelbiotopar og trua naturtypar. Med dagens infrastruktur kan mykje av granskogen ikkje avverkast. For å ta ut den hogstmodne granskogen må det byggjast veg.

For å ta omsyn til dei biologiske verdiane i området bør neste generasjon skog ikkje vere heilt lik dagens, mellom anna bør det ikkje plantast att med gran på nokre areal. Samstundes bør det plantast gran på område der det ikkje veks gran i dag. Dette aukar nytta av skogsbilvegen og sikrar framtidig tømmerproduksjon.

Denne planen er utarbeidd av fagfolk innan skogbruk, og vi vonar planen kan bidra til eit berekraftig og aktivt skogbruk for denne og kommande generasjonar.

Fleirbruksverdiar

Skoglova krev at skogeigar tek vare på fleirbruksverdiar. Skogeigar kan få tilskot til drift og tiltak som tek omsyn til eller forbetrar fleirbruksverdiane. Ta kontakt med kommunen for å få gode råd om dette.

Miljøregistreringar i Skog (MIS)

Det er registrert 19 nøkkelbiotopar (også kjent som MIS-registreringar/MIS-figurar) på 9 forskjellige lokalitetar i fellesplanområdet (merka med rosa skravering i kart). I nøkkelbiotopane er det spesielt viktig å ta vare på det biologiske mangfaldet. Liste over alle nøkkelbiotopane og råd om forvaltning av dei, finn du i vedlegget til dette dokumentet.

Nøkkelbiotopar er ein viktig del av sertifiseringssystemet i skog. Skogeigar som planlegg hogst inntil eller i ein nøkkelbiotop bør ta kontakt med skogeigarlaget, slik at ikkje nøkkelbiotopen vert skada.

Utvald naturtype

I to område er det registrert «Olivinskog» (merka med grøn skravering i kartet). Olivinskog er skog som veks på ultramafisk (svært basisk) grunn. Desse grunnforholda gjer at det er ein heilt spesiell samansetning av artar.

Sidan Olivinskog er ein «utvald naturtype» vert det stilt ekstra krav til å kunne dokumentere at tiltak i området ikkje vil ha ein negativ effekt på naturen i området.

Olivinskog er sjeldan i Norge og området kan vere interessant for frivillig vern. AT Skog og Norskog har rådgjevarar som yter gratis støtte til skogeigarar som vil vurdere frivillig vern.

Kulturminne

Det er ikkje registrert freda kulturminne i skogen som inngår i fellesplanen, men her har budd folk langt tilbake i tid og det vil vere mange spor etter menneskeleg aktivitet som kan er verdt å ta vare på.


Friluftsliv

Det er ikkje registrert spesielle friluftslivsinteresser i området, men det er fleire turstiar som ein må ta omsyn til ved hogst. I tillegg er Panoramavegen ein viktig turistveg. Store hogstflater inntil vegen kan gi eit negativt inntrykk.

Plan for hogst

Når du plantar skog er det lett å sjå at trea vert høgare år for år. Om du hadde målt diameteren på eit eller fleire tre, hadde du funne ut at den også auka kvart år. Til saman gjer dei at mengd trevirke i trestammene aukar, at *volumet* med trevirke vert større. Dette kallast tilvekst. Fram til skogen er 30 – 40 år aukar tilveksten for kvart år. So kjem ein periode med jamn og høg tilvekst, før tilveksten går ned. Rett tidspunkt for hogst tek utgangspunkt i når trea kjem til ein alder der dei veks mindre kvart år. Det er då vi seier at skogen er «hogstmoden».

For å få best økonomi bør man ikkje hogge skogen tidlegare enn det som er foreslått i denne planen. Unntak for denne regelen kan vere når skogen er blitt ustabil på grunn av vindfall eller skader. Det er lagt inn merknader der dette er observert.



Kart 1: Driftsområde for hogst, fleirbruksverdiar og forslag til vegtrasse i Norgesheia

Kor mykje tømmer (volum i kubikkmeter) som står i skogen er angitt i tabell nedanfor. Når skogen vert hogd må man likevel forvente ein reduksjon på 10-15%, på grunn av at greinar, stubbar og nokre mindre tre vert att i skogen.

I tabellen har vi delt inn i driftsområde etter kva driftsmetode som er best eigna. Det er mykje bratt terreng i Norgesheia og taubane er den vanlegaste driftsmetoda. Drift med taubane er meir kostbart enn drift med hogstmaskin eller vinsjeassistert drift. Taubane er meir skånsam og er å føretrekke der det er miljøverdiar eller risiko for erosjon/rasfare. Kommunen gir tilskott til drift med taubane.

Eit hovudpoeng med inndelinga er at det skal vere mogleg å drive fram all skogen i driftsområdet. I nokre område vil delar kunne drivast med ein annan driftsmetode, mens noko berre kan drivast med taubane. Vi

har da vurdert at heile området bør drivast med taubane. Alternativet er at noko av skogen ikkje kan drivast i det heile, fordi kostnaden ved å ta berre det vanskelegaste med taubane vert so høg.

Drifts-område nummer	Hogstmoden i perioden	Drifts metode	Volum gran i 2022	Volum furu i 2022	Volum lauv i 2022	Berekna total volum når skogen vert hogstmoden	Merknader
1	2020-2025	taubane	267	0	0	267	grenser til nøkkelbiotop
2	2020-2025	taubane	219	0	0	219	
3	2020-2025	taubane	135	0	0	135	
4	2020-2025	hogstmaskin	156	0	0	156	
5	2020-2025	hogstmaskin	513	1	1	515	
6	2020-2025	taubane	1123	11	45	1179	kantsone mot elv
7	2035-2040	hogstmaskin	150	0	8	220	kantsone til elv
8	2035-2040	taubane	222	25	0	375	kantsone til elv. spar store lauvtrær
9	2035-2040	hogstmaskin	261	26	0	434	
10	2035-2040	hogstmaskin	103	0	0	156	kantsone til elv. spar store lauvtrær
11	2035-2040	hogstmaskin	299	0	14	446	
12	2035-2040	hogstmaskin	95	0	0	144	
13	2020-2025	taubane	3912	198	116	4226	Noe vindfall. kantsone mot elv
14	2025-2030	taubane	3715	0	0	4217	kantsone mot elv
15	2035-2040	hogstmaskin	226	0	0	383	
16	2020-2025	taubane	1390	26	185	1601	Spar store lauvtrær. Kontakt AT Skog før hogst nær MIS.
17	2030-2035	taubane	1171	11	43	1578	spar store lauvtrær og liggende død ved
18	2030-2035	taubane	498	5	19	672	spar store lauvtrær
19	2020-2025	taubane	1500	0	0	1500	En del vindfall. Spar store lauvtrær
20	2020-2025	taubane	2214	0	0	2214	Spar store lauvtrær
21	2030-2035	taubane	3683	15	60	4959	Noe vindfall øverst i bestandet.
22	2020-2025	taubane	2959	30	117	3106	spar store lauvtrær
23	2040-2045	taubane	2436	51	94	4488	innslag eldre gran i vest. Spar store lauvtrær
24	2025-2030	taubane	595	136	70	894	Kontakt AT Skog før hogst inntil MIS
25	2020-2025	taubane	874	686	202	1762	Spar store lauvtrær. Egnet for treslagsskifte til gran utanom mot fjord og øverst i brattaste terrenget.
26	2030-2035	taubane	489	401	90	1254	Spar store lauvtrær. Egnet for treslagsskifte til gran.

Plan for skogkultur


Skogbrukslovlova krev at skogeigaren skal sørge for at det kjem opp ny skog innan 3 år etter hogst. Planting av gran er nesten alltid det mest lønnsame, fordi grana produserer tre gangar meir enn andre aktuelle treslag.

Ung skog må stellast for at trea skal få høg kvalitet og for å gjere skogen meir stormsterk. All ny skog på Vestlandet har behov for ungskogpleie og bør følgast opp 10 -20 år etter at han ble planta.

Framtidsskogen

Før skogen hoggast, er det viktig å ha ein plan for kva som skal kome etter.

Det noverande skogbiletet i Norgesheia er ikkje optimalt med tanke på økonomi og økologi. Vi foreslår difor at det ved hogst og planting bør vurderast ei anna struktur på skogen. Dette kjem fram av kart nr 2:



Kart 2: Framtidsskog, driftsområde for hogst, fleirbruksverdiar og forslag til vegtrasse i Norgesheia

Vi har delt inn *framtidsskogen* i 3 kategoriar:

Intensivt driven skog:

Her skal det leggjast til rette for intensiv skogdrift med profesjonelt utstyr som hogstmaskin og taubane. Det skal vere gode vegløyningar bygd på ei heilskapleg transportplan og alle veleigna areal langs vegane bør stellast med tanke på skogproduksjon. I område som får god vegutløyning etter bygging av vegar bør det plantast ny produksjonsskog uavhengig av kva slags skog som veks der frå før. Alle eigna treslag kan brukast i desse områda, men grana produserer som nemnd mykje meir tømmer med høg kvalitet enn andre aktuelle treslag.

I all ny skog er det eit krav om minimum 10 % lauvinnblanding. Dette bør praktiserast i kantsoner mot bekkar og som småholt inne i større bestand, slik aukar vi både mangfaldet i og stormstyrka til produksjonsskogen. Lågproduktive eller vanskelege areal bør ikkje plantast og kantsoner langs vassdrag og myr skal ikkje plantes.

Ekstensivt driven skog:

Her gjer ikkje skogeigar store investeringar i infrastruktur eller planting. Her nyttast naturlege treslag. Ved og verdifullt tømmer vert henta ut med lettare utstyr som traktor og vinsj. Dette gjeld til dømes areal med vanskeleg tilkomst, eller der det er mykje fleirbruksomsyn eller svært låge bonitetar.

Urørt skog:

Dette gjeld område der det må takast svært mykje miljøomsyn. I desse område vil det vera vanskeleg å drive eit aktivt skogbruk utan å skade viktige miljøverdier.

Val av stadeigne treslag

Skogområda i Norgesheia har svært høg bonitet. Det betyr at dei fleste treslag veks bra her, at *produksjonsevna* er høg. Det er næringsrik jord, mykje nedbør og høge vintertemperaturar samanlikna med elles i Norge.

Vanleg gran er det treslaget som vil produsere mest tømmer på veksestadane i Norgesheia. Grana produserer tre gongar meire tømmer – på halve tida – enn andre aktuelle treslag. Tømmeret får god kvalitet med med liten innsats utover planting og ungskogpleie. Avsetnaden på tømmeret er svært god. Vindfall kan vere ei utfordring.

Furu liker seg også godt på gode bonitetar men tapar i konkurransen med andre treslag. I tillegg utviklar den grove kvister. Furu eignar seg best og produserer betre tømmer på tørrare plassar. På same vis vil eik og bjørk ha vanskar med å konkurrere med grana der det er gode vekstforhold. Men både furu og eik kan vere velegna på areal der det skjer uttørking.

Treslag som i tillegg til gran kan produsere god tømmerkvalitet på høg bonitetar kan vere: ask, lind, alm, svartor, låglandsbjørk, kirsebær, platanlønn (ahorn), edelgran og douglas. Aska er utsett for sjukdom (askeskuddsjuke) og vi anbefaler difor ikkje å satse på ask. I Europa er det også sjukdom på alm, men den synast å vere lite utbreidd i Nordfjord. Svartor produserer bra kvalitet og kan vokse i forsumpa område, og gjerne i blanding med gran. Ho trivst ikkje på myr. Lind trivst godt i sør- og sørvestvendte varme lier og urer og produserer lyst og jamt trevirke. Det er nesten ikkje spiredyktige frø frå linda, so lindeplantar bør ein verne om so dei får vekse opp. Dei utanlandske treslaga edelgran og douglas må skogeigar søkje om å få plante. Det må lagast ein plan for å forhindre spreiding til andre område. I Norge har vi relativt lite erfaring med skogbestand av treslaga vi har nemnd ovanfor, og det kan vere utfordrande å få tak i godt plantemateriale.


Å få gode tømmerkvaliteter i lauvskog krev mykje stell. Skogeigar må gjere tiltak/investeringar i skogen omtrent kvart tiande år. Vi anbefaler difor å etablere lauvskog som har tømmerproduksjon som formål i lett tilgjengeleg terreng nær veg og tun. Etablering av mindre bestand av ulike treslag gjev skogen meir variasjon, og det kan vere viktig i møte med klimaendringane og det er positivt for det biologiske mangfaldet. Eit velstelt lauvtrebestand nær tuna kan òg heve eigendomsverdien.

Det tryggaste, og tvillaust mest økonomiske valet, er å satse på gran i same omfang som i dag men med innblanding av skyggetolerante artar som ask, platanlønn (ahorn), lind og edelgran og grupper/små bestand av andre treslag.

Bygging av veg

Vegbygging er den største investeringa du gjer som skogeigar, men det er også naudsynt for å få ein rasjonell tilkomst for å hogge skogen som ligger over Norgesheia. Difor er det viktig med nabosamarbeid om skogsveggar og gode og vel funderte vegplanar. Vegane bør byggast på eit tidspunkt der dei løyser ut mykje hogstmoden skog.

Norgesheia har eit særst vanskeleg terreng å planlegge og bygge veg i. Mellom anna er det vanskeleg å unngå kostbar sprenging og massehandtering fram og tilbake under vegbygginga. I tillegg er det registrert fleire område med høge miljøkvalitetar der vi må unngå vegbygging. Trasévala i vegplanen er ei optimalisering mellom å gjere mest mogleg av skogen tilgjengeleg med lågast mogleg vegbyggingskostnad og på same tid ta omsyn til dei spesielle miljøverdiene.



Kart 3: Forslag til vegtrasse for vegbygging i Norgesheia

Vi foreslår å bygge skogsbilveg inn frå det planlagde veganlegget til Vesterlandet. Det er difor naturleg at den første delen av skogsvegen er felles, eventuelt at skogeigarane i Norgesheia kjøpar seg inn i vegen til Vesterlandet i ettertid.

Skogsbilvegen er planlagt i vegklasse 4, veg for tømmerbil med hengar i barmarksperioden. Det må gjerast ei vurdering av om siste del av vegen skal byggast som traktorveg klasse 7 (traktorveg for lassberar), for å unngå for store skjeringar og fyllingar og få ein veg betre tilpassa terrenget. (Sjå: <https://skogkurs.no/artikkel/normaler-for-landbruksveier-med-byggebeskrivelse/>)

I planen foreslår vi bygging av 3120 meter med ny skogsbilveg, det gjev vegtilkomst til det meste av skogen i lia. Det vil vere nødvendig med ein del sprenging, som fordyrar byggeprosessen. Kostnaden for å bygge veg er basert på det generelle prisnivået i regionen, kostnaden er estimert til å ligge kring kr 2200-3000 per meter ny skogsbilveg.

Det må byggjast snuplass for tømmerbil og det er også naudsynt med møteplass og oppstillingsplass for taubane.

Det har vært ein monaleg auke i skogsvegbyggingskostnadane dei siste åra og situasjonen i verda med krig i Europa og høge energiprisar har sjølvstekt også stor påverknad. Samstundes påverkar det også tømmerprisane positivt saman med ei rekordlåg kronekurs.

Sør for fylkesvegen er der ein veg som vart delvis utbetra ved bygginga av Panoramavegen, denne bør oppgraderast slik at den stettar krava til skogsbilveg. Slik den ligg no, er den litt for bratt til at ein kan køyre der med bil og hengar. Her er det små endringar som snuplass og plass for taubane som må til. Her står ikkje so mykje tømmer. Ein må vurdere korleis ein vel og ta ut dette. Til dømes kan ein vente med det som er hogstmodent nå (område nr 25) og heller hogge i lag med område 26 litt tidleg.



Hogst- føresetnader	Antall	Kostnad pr einhet	Einhet	Delsum i kr/m ³
Total kubikkmasse med framskriving av 2020-2025 til 2030	23 487		m ³	
Gjennomsnittleg tømmerpris	23 487	530	kr per m ³	12 448 110
Utgifter til hogst med hogstmaskin m ³	1 013	200	kr per m ³	202 600
Utgifter til hogst med taubane m ³	22 474	450	kr per m ³	10 113 300
Tilskot til taubane	22 474	240	kr per m ³	5 393 760
				-
Skogkultur-føresetnader				-
Planting og supplering i 1,2,3,4,5,6,7,13,14,16,19,20 og 22		315	dekar	-
Gjennomsnittleg kostnad		2 000	kr per dekar	630 000
Tilskot		50	%	315 000
				-
				-
Vegbygging-føresetnader				-
				-
Ny veg		3 120	m	-
Opprusting eldre veg		-	m	-
Vurdert kostnad ny veg		3 000	kr per m	9 360 000
Vurdert kostnad opprusting		-	kr per m	-
Tilskot til vegbygging		60	%	5 616 000
Valt skogfondsattst		40	%	4 979 244
Innestående skogfond etter investeringar				920 244
Skogfondsbehov			kr	4 059 000
				-
				-
Resultat				-
				-
Nettoinntekter etter drift, skogfondsavsetning	-	2 847 034	kr	-
Investeringar	-	9 990 000	kr	-
Driftstilskot	+	5 393 760	kr	-
Investeringstilskot	+	5 931 000	kr	-
Skattbar del av skogfond	+	608 850	kr	-
Skattbar inntekt	-	903 424	kr	-
Skatt	-	335 170	kr	-
Skattefri andel frå skogfond +		3 450 150	kr	-
Sum nettoinntekt ``på konto``		2 881 896	kr	-

Kalkyle for hogst og bygging av veg

Det vert foreslått hogst i driftsområda 1,2,3,4,5,6,7,13,14,16,19,20 og 22 for å finansiere vegbygginga. Område 16 er dyrare og ta ut men vi har valt og ta det med lika vel. Det er mogleg og søke om støtte til miljøtiltak for å ta ut denne bestanden slik at det kan kompensere for dyrare driftspris.

Dagens ståande skog vil kunne finansiere bygging av veg inn i område, men det er ein del faktorar som kan endre utfallet. Prisen på tømmer varierer. Prisen på diesel og sprengstoff varierer ein del og dei påverkar begge vegbyggingskostnaden.

Reknestykka nedanfor er utarbeidd med grunnlag i «skogfondkalkulatoren». I kalkulatoren vert effekten av skogfondet og skatt teke med. Skogfond er ei fondsavsetning skogeigar gjer for å få ekstra skattefritak ved investeringar i skogen. Skogen må hoggast innan 5 år etter at skogeigar har betalt for vegbygging for å få nytta tilskotseffekten av skogfondet.

I reknestykka har vi rekna ut kor mykje tømmer det er i skogen i 2030 og brukt det (sjå vedlegg nr 2). Dete er det fleire grunnar , bl.a. må dykk knytast  i vegen i Vesterlandet slik at den må byggast fyrst. Det vil være meir volum som er hogstmodent i 2030 og som kan vere med å finansiere vegen. Vi håpe også at kostnaden på vegbygging kan gå ned at. _

Her i denne tabellen har vi gått utifrå verksemdskogeigar. Her er og satt av mest mogleg på skogfond og då blir det att ein del pengar til slutt. Når vegen er ferdig og det er planta inn att, kan ein søke kommunen om få utbetalt desse midlane. Noko av dei bør lika vel stå i skogfond for framtidig vedlikehald av vegen.

Gå inn på skogfond.skogkurs.no for å sette inn eigne tal i skogfondkalkulatoren. Det vert skilt mellom verksemdskogeigarar og kapitalskogeigarar. Verksemdskogeigarar er ofte dei litt større skogeigarane og dei som driv næring og er momsregistrert, mens kapitalskogeigarane er små skogeigarar. Om du er kapitalskogeigar og du skal investere i veg og/eller har mykje av skogen i taubaneterreng, anbefaler vi at du kontaktar Skatteetaten og prøver å endre status til verksemdskogeigar. Det vil innebere at du må registrere deg for meirverdiavgift og må levere årleg oppgåve, men det vil gje betydeleg lågare kostnadar ved vegbygging, sidan du får att meirverdiavgifta og får høgare fordel av skogfondet. Prøv skogfondkalkulatoren!

Tiltak på din eigedom

Del av totalarealet og volum som ligg på din eigedom går fram av tabellane nedanfor.

Plan for hogst

Sjå kart nr 1.

Nr/ID	Hogstperiode	Driftsmetode	Volum på din eigedom			Merknader
			Vol_G	Vol_F	Vol_L	
13	2020-2025	Taubane	146	7	4	Noko vindfall
15	2035-2040	Hogstmaskin	226	0	0	Må byggast velteplass
16	2020-2025	Taubane	221	30	4	må byggast oppstilling taubane
23	2040-2045	Taubane	1282	50	27	må byggast oppstilling taubane
			1875	87	35	

Kalkyle for hogst og bygging av veg

Dømet tek utgangspunkt i at skogeigar er verksemdsskogbrukar. Som nemnd ovanfor, ver merksam på at resultatet kan slå svært ulikt ut for kapitalskogeigarar samanlikna med verksemdsskogbrukarar, så sjekk «skogfondkalkulatoren» for både verksemdsskogeigar og kapitalskogeigar!

Føresetnadane er dei same som skildra i tabellen for heile området.

Hogst- føresetnader	Antall	Kostnad pr enhet	Einhet	Delsum i kr/m ³
Gnr./Bnr:				
Total kubikkmasse med framskriving av 2020-2025 til 2030	413		m ³	
Gjennomsnittleg tømmerpris	413	530	kr per m ³	218 890
Utgifter til hogst med hogstmaskin m ³	-	200	kr per m ³	-
Utgifter til hogst med taubane m ³	413	450	kr per m ³	185 850
Tilskot til taubane	413	240	kr per m ³	99 120
				-
				-
Skogkultur-føresetnader				-
				-
Planting og supplering i område 13 og 16			7 dekar	-
Gjennomsnittleg kostnad		2 000	kr per dekar	14 000
Tilskot		50	%	7 000
				-
				-
Vegbygging-føresetnader				-
				-
Ny veg			331 m	-
Opprusting eldre veg			- m	-
Vurdert kostnad ny veg		3 000	kr per m	993 000
Vurdert kostnad opprusting			- kr per m	-
Tilskot til vegbygging		60	%	595 800
Valt skogfondsatt		40	%	87 556
Innestående skogfond etter investeringar				-
Skogfondsbehov			kr	404 200
				-
				-
Resultat				-
				-
Nettoinntekter etter drift, skogfondsavsetning	-	54 516	kr	-
Investeringar	-	1 007 000	kr	-
Driftstilskot	+	99 120	kr	-
Investeringstilskot	+	602 800	kr	-
Skattbar del av skogfond	+	13 133	kr	-
Skattbar inntekt		-	346 463 kr	-
Skatt		-	128 538 kr	-
Skattefri andel frå skogfond	+		74 423 kr	-
Sum nettoinntekt ``på konto``	-		143 502 kr	-

Informasjon om skogforvaltning

Kva er viktig å vite om? Kor finn du informasjon?

Bygge skogsbilveg

Dersom det er semje blant skogeigarane om at det skal byggjast skogsveg bør de ta kontakt med vegplanlegger hjå Skogselskapet. Dei vil hjelpe til med å avklare korleis de skal organisere eigarskapet og drift av vegen og korleis kostnadane skal fordelast mellom eigarane. For større veganlegg er det lurt å skipe eit skogsvegslag. Etter at vegen er bygd vil det vere behov for vedlikehald. Det må vere ei plan for kven som held oppsyn med grøfter og stikkrenner, kantane må slåast og i blant vil det vere naudsynt med fornying av slitelaget. Avtale om fordeling av vedlikehaldskostnadane bør gjerast før vegen byggast, men det bør også vere opent for å gjere endringar når vegen er teke i bruk. Når alle detaljer er avklart vil vegplanleggjaren hjelpe med å utarbeide ein søknad til kommunen om å få bygge vegen.

Neste steg vert å lage ein byggeplan, søkje om tilskot, lyse ut vegbygginga på anbod, og få vegen bygd. Vegplanleggjar kan bidra heile vegen eller skogeigarar kan gjere deler av jobben sjølv. Meir informasjon om vegbygging finn ein på www.bondeboka.no og på www.skogsvei.no

Når ein vurderer å byggje skogsbilveg er det viktig å undersøke standarden på det offentlege vegnettet tømmeret også skal transporterast på. Fylkesveg 5742 – Panoramavegen er bruksklasse 10 – 50 tonn totalvekt og kan køyrast med 19,5 meters tømmervogntog. Men kommunalvegen som den planlagde skogsbilvegen startar i, er klassifisert til 12,4 meters lengd, det vil seie tømmerbil utan hengar. Det same gjeld Lahaugvegen. Dette utløyser eit sokalla kippetillegg på tømmertransporten, fordi det faktisk må køyrast 4 gongar so mange turar (tømmerbilen har mykje høgare eigenvekt enn hengaren og dermed mindre nyttelast). Den samla slitasjen på vegen vert mykje høgare på denne måten. Det er difor viktig å vere tidleg ute med å kontakte kommunen om å få oppgradert den kommunale vegen til 19,5 meter vogntoglengd.

Samarbeide over eigedomsgrensene

Den typiske skogeigedomen på Vestlandet er ganske liten og ligg som oftast opp og ned i liene. Difor er det berre fordeler å hente ved å samarbeide med naboane. Først å fremst er det betre økonomi, fordi skogeigarane vil få betre tilbod og «stordriftsfordelar» av å organisere hogst og planting på eit større areal. Naboar kan dessutan vere gode sparingspartnarar og kommunen støtter ofte samarbeide med ekstra rådgjeving og høgare tilskottsatsar. Samarbeide kan ha fleire former frå heilt uformelt samarbeide, formalisert samarbeide i veglag og skoglag og til etablering av andelsskogar.

Skogfond og skat

Skogfond er ein svært gunstig ordning og alle investeringar i skogen kan finansierast med skogfondmidlar. Meira informasjon om skogfond finn du på www.bondeboka.no

Effekten av skatt kan vere svært forskjellig for skogeigar alt etter om ein er meirverdiregistrert, registrert som versemddsskogbrukar, kapitalskogbrukar eller hobby skogbrukar. Meir informasjon om skatt finn du hos www.skogkurs.no – vi anbefaler skogkurs sin rettleiar: Skogbeskatning <https://skogkurs.no/kunnskapsskogen/okonomi-og-skogfond/skatt-likning-og-mva/>

Andeleigarar kan og få økonomisk rådgjeving hjå skogeigarlaget sitt.

Tips når de skal hogge

Det er mykje å vurdere når de skal hogge skogen. Det er lønsamt å hente inn tilbod på hogst frå fleire profesjonelle aktørar. På www.bondeboka.no er det samla nokre punkt som bør vurderast i samband med planlegging av hogst.

Skogskjøtsel

Skogskjøtsel er dei investeringane du gjer i skogen for at skogen skal utvikle seg optimalt. Det gjeld i første rekkje planting og ungskogpleie når skogen er ung samt kvisting og tynning seinare. Det er ikkje vanleg å tynne granskogen på Vestlandet, men vi anbefaler sterkt å regulere skogen ned til 150 tre per dekar når den er 4 – 5 meter høg.

Informasjon om skogskjøtsel finn du på skog.no/skogfaglig og på skogkurs.no/kunnskapsskogen. På sida til skogkurs finn du óg rettleiar for skogeigarar som ønskjer å utføre planting, ungskogpleie og hogst sjølv.

Du kan søkje kommunen om tilskot til ei rekke kjøtselstiltak. Informasjon om krav i lova og kva det gis tilskott til kan du finne på landbruksdirektoratet sine nettsidar:

landbruksdirektoratet.no/nb/skogbruk/skogskjotsel

[Kontakt skogbruksansvarleg i kommunen for faglege råd om kjøtsel av skog.](#)

Klima▶passing.

Det er forventa at klimaendringane vil gi oss fleire stormar og meir nedbør. I tillegg vil høgare temperaturar auke risikoen for råtesopp og insektskader.

På Vestlandet er truleg den største trusselen auka risiko stormfellingar. Vi anbefaler difor at du forsikrar skogen din. Skogbrand er det einaste forsikringsselskapet som forsikrar skog.

Skogeigaren kan minske risikoen for stormskader og det viktigaste tiltaket er ungskogpleie. Meir informasjon om førebygging av stormskadar kan du finne på Skogbrand si nettside:

<https://www.skogbrand.no/skader/stormskader/>

På lang sikt kan vi verte ramma av insekt- og sjukdomsutbrot vi ikkje er vant med. Da er det viktig å ha fleire treslag i skogen som kan ta over for dei treslaga som rammast.

Auka nedbørsmengder og ustabile vintre vil gi økt risiko for ras. Det er difor svært viktig at skogvegane vert bygd slik at dei toler auka nedbør og risiko for ras.

I område med rasfare kan skogbehandlinga også redusere risikoen for skader. Kva tiltak som kan ha effekt er avhengig av kva type rasfare det er i område. Kontakt skogansvarleg i kommunen for å få meir informasjon om tema.

Lenker

Lind: <https://www.nibio.no/tema/skog/skoggenetiske-ressurser/treslag-i-norge/lind>

Svartor: <https://www.nibio.no/nyheter/svartor--et-treslag-for-fremtiden>

Landbruksvegnormalar: <https://skogkurs.no/artikkel/normaler-for-landbruksveier-med-byggebeskrivelse/>

Skogfondkalkulator: <http://skogfond.skogkurs.no/#/>

Kapital- eller verksemdsskogeigar? Finn årleg produksjonsevne ved å sette inn gardsnummer og bruksnummer (gnr/bnr) her: <https://gardskart.nibio.no/search>. Du må multiplisere arealet med svært høg bonitet med 0,7, arealet med høg bonitet med 0,4 og arealet med middels bonitet med 0,25 for å finne tilveksten i kubikkmeter.

Vedtekter for veglag: <https://www.skog.no/wp-content/uploads/2018/11/Vedtekter-for-samvirkeforetak.pdf>

Vedlegg

Vedlegg nr 1: Oversikt over nøkkelbiotopar

Gnr	Bnr	MIS nr	Livsmiljø	Kommentar	Skogbeskrivelse	Forvaltningskode	Forvaltning presisering
	1	1	Liggende død ved	Tepperot, bærlyng	Eldre, åpen furuskog 5b med gammel bjørk	Urørt	Bratt, driftsteknisk vanskelig
	1	1	Rik bakkevegetasjon	Tegnet inn før utvalgsmøte, kjent lokalitet av olivinskog. ikke funnet mis under befarings.	Olivinskog, brunburkne	Gjennomhogst	Kan ta ut gran, og noe furu. Ivareta gammelskogpreg
	2	1	Liggende død ved	Lindeskog i steinur	Lind, bjørk i kronesjiktet, hassel i feltsjiktet	Urørt	Driftsteknisk vanskelig, bratt terreng
	2	1	Rik bakkevegetasjon	Tegnet inn før utvalgsmøte, kjent lokalitet av olivinskog. ikke funnet mis under befarings.	Olivinskog, stor bananslørsopp	Gjennomhogst	Kan ta ut gran, og noe furu. Ivareta gammelskogpreg
	2	2	Rik bakkevegetasjon	Steinur, lindeskog. Myske, markjordbær, trollbær, stankstorknebb, gauksyre	Lind, bjørk, osp, ask i kronesjiktet, hassel i feltsjiktet	Urørt	Bratt terreng, driftsteknisk vanskelig
	2	2	Rik bakkevegetasjon	Tegnet inn før utvalgsmøte, kjent lokalitet av olivinskog. ikke funnet mis under befarings.	Olivinskog, brunburkne	Gjennomhogst	Kan ta ut gran, og noe furu. Ivareta gammelskogpreg
	3	1	Liggende død ved	Lindeskog i steinur	Lind, bjørk	Gjennomhogst	Kan ta ut gran i forbindelse med eventuell drift i nabobestand
	3	2	Rik bakkevegetasjon	Lindeskog i steinur. Myske, marjordbær, gauksyre, stankstorknebb. Lungenever på lindestammer	Lind, bjørk i kronesjiktet, lind og hassel i feltsjiktet	Gjennomhogst	Kan ta ut gran i forbindelse med eventuell drift i nabobestand
	3	3	Rik bakkevegetasjon	Tegnet inn før utvalgsmøte, kjent lokalitet av olivinskog. ikke funnet mis under befarings.	Olivinskog, brunburkne	Gjennomhogst	Kan ta ut gran, og noe furu. Ivareta gammelskogpreg
	3	5	Rik bakkevegetasjon	Tegnet inn før utvalgsmøte, kjent lokalitet av olivinskog. ikke funnet mis under befarings.	Olivinskog, brunburkne	Gjennomhogst	Kan ta ut gran, og noe furu. Ivareta gammelskogpreg
	1	1	Liggende død ved	Steinur, myske, markjordbær, stankstorknebb, ormetelg	Bjørk, ask, selje i kronesjiktet, hassel i feltsjiktet	Urørt	Bratt terreng, driftsteknisk vanskelig

	1	1	Rik bakkevegetasjon	Tegnet inn før utvalgsmøte, kjent lokalitet av olivinskog. ikke funnet mis under befarings.	Olivinskog, brunburkne	Gjennomhogst	Kan ta ut gran, og noe furu. Ivareta gammelskogpreg
	1	2	Rik bakkevegetasjon	Myske, markjordbær, stankstorknebb, hassel. Steinur	Bjørk, ask er kronesjiktet, hassel er feltsjiktet	Urørt	Bratt terreng, driftsteknisk vanskelig
	2	1	Liggende død ved	Lindeskog i steinur	Lind, bjørk	Gjennomhogst	Kan ta ut gran i forbindelse med eventuell drift i nabobestand
	2	2	Rik bakkevegetasjon	Lindeskog i steinur. Myske, markjordbær, gauksyre, stankstorknebb. Lungenever på lindestammer	Lind, bjørk i kronesjiktet, lind og hassel i feltsjiktet	Gjennomhogst	Kan ta ut gran i forbindelse med eventuell drift i nabobestand
	2	3	Liggende død ved	Lindeskog i steinur	Lind, bjørk i kronesjiktet, hassel i feltsjiktet	Gjennomhogst	Kan ta ut gran i forbindelse med eventuell drift i nabobestand
	2	4	Rik bakkevegetasjon	Steinur, lindeskog. Myske, markjordbær, trollbær, stankstorknebb, gauksyre	Lind, bjørk, osp, ask i kronesjiktet, hassel i feltsjiktet	Gjennomhogst	Kan ta ut gran i forbindelse med eventuell drift i nabobestand
	2	5	Rik bakkevegetasjon	Tegnet inn før utvalgsmøte, kjent lokalitet av olivinskog. ikke funnet mis under befarings.	Olivinskog, brunburkne	Gjennomhogst	Kan ta ut gran, og noe furu. Ivareta gammelskogpreg
	1	1	Rik bakkevegetasjon	Ren lindeskog i bratt steinur. Myske, markjordbær, skosalat, svarterteknapp, gauksyre, hassel	Lind, med noe furu, og hassel i feltsjiktet	Urørt	Bratt terreng, driftsteknisk vanskelig.
	1	2	Liggende død ved	Hassel, markjordbær, skogstorknebb, myske, blåbærlyng	Osp, bjørk, furu er hovedtreslag, noe lind og ask, og hassel i feltsjiktet	Urørt	Bratt terreng, driftsteknisk vanskelig
	1	3	Rik bakkevegetasjon	Myske, markjordbær, skogstorknebb, blåbær, tyttebær,	Bjørk, furu, osp er hovedtreslag, innslag av lind og ask. Hassel i feltsjiktet	Urørt	Bratt terreng, driftsteknisk vanskelig

Vedlegg nr 2: Framskrivning av volum som er klart for hogst i 2030.

Drifts- område nr.	Hogstmoden i perioden	Driftsmetode	Areal driftsområde (dekar)	Tilvekst pr dekar pr år	Total volum 2022	Volum gran år 2030
1	2020-2025	taubane	4,3	1,8	267	337
2	2020-2025	taubane	3,6	1,3	219	261
3	2020-2025	taubane	2,4	1,6	135	169
4	2020-2025	hogstmaskin	2,4	1,4	156	186
5	2020-2025	hogstmaskin	9,1	1,5	515	638
6	2020-2025	taubane	17,7	2	1179	1441
7	2035-2040	hogstmaskin	3,4	1,3	158	190
13	2020-2025	taubane	71,8	1,8	4226	5076
14	2025-2030	taubane	62,7	2	3715	4844
16	2020-2025	taubane	25,5	1,7	1601	1781
19	2020-2025	taubane	25,2	1,8	1500	1908
20	2020-2025	taubane	34,0	1,9	2214	2796
22	2020-2025	taubane	50,1	2	3106	3861
Sum volum						23487
sum volum hogstmaskin						1013
sum volum taubane						22474

Vedlegg nr 3: Fordelingsnøkkel vegbygging

Grunneigar	Fordeling i prosent	Lengde - andel	Andel av kostnad	Skogfond
1	11	331	993 000	87 556
2	13	409	1 227 000	596 800
3	2	62	186 000	100 400
4	15	452	1 356 000	709 400
5	17	524	1 572 000	698 800
6	5	147	439 920	81 196
7	13	415	1 245 000	121 052
8	29	908	2 724 000	1 228 600
Sum	104	3248	9 742 920	3 623 804